

Referat frå møte nr. 72, 28. september 2016

Dato: 3. oktober 2016

Til stades: **Baard-Christian Schem**, Helse Vest RHF, leiar
Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF
Marit Solheim, Helse Førde HF
Svein Skeie, Helse Stavanger HF
Jarle Eid, Universitetet i Bergen
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Anne Kari Hersvik Aarstad, Universitetet i Stavanger
Frøydis Bruvik, observatør, Dei private, ideelle institusjonar

Forfall: **Alf Henrik Andreassen**, Helse Bergen HF
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen
Eyvind Rødahl, Universitetet i Bergen
Pål Berger, brukarrepresentant
Jannikke Ludt, observatør, Noregs forskingsråd

Sekretariatet: **Sølvi Lerfald**
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 29/2016	Godkjenning av saksliste og referat
Vedtakssak	Referatet frå møte 16. juni 2016 vart godkjent. Innkalling til møte 28. september vart godkjent. Ingen saker vart meldt til behandling under eventuelt.
Sak 30/2016	Nasjonal bemanningsmodell
	Johanne Kalsheim presenterte arbeidet med nasjonal bemanningsmodell og scenariometodikken for samarbeidsorganet. Presentasjonen frå møtet vart tilsendt saman med referatet.
Sak 31/2016	Godkjenning av vurderingskomitear 2017
Vedtakssak	Retningslinjene for søknadsvurdering regulerer samansetjinga av vurderingskomiteane for Helse Vest sine forskingsmidlar, og det er samarbeidsorganet som godkjenner samansetjinga. Forslag til samansetjing av årets komitear vart lagt fram i saka. Vedtak: <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek samansetjinga av komiteane for Helse Vest sine søkbare forskingsmidlar 2017.</i>
Sak 32/2016	Utlysing av midlar til samhandlingsforskning

Vedtaks sak	<p>Det har i to 3-års periodar vore lyst ut strategiske midlar til samhandlingsforskning. Midlar for perioden 2017-2019 skal lysast ut hausten 2016. Saka vart først drøfta på samarbeidsorganet sitt møte i juni 2016, som då gav innspel på at satsinga bør avgrensast til berre å gjelde eitt evt. to større forskingsprosjekt i heile perioden, og at eigenandelar frå søkjarinstitusjonane vil vere eit konkurransefortrinn dersom fleire søknadar stiller likt. Eit nytt forslag til utlysingstekst var lagt ved saka. Samarbeidsorganet bad om at det også vart lagt inn ei formulering i utlysingsteksten om at ein legg til grunn aktiv deltaking med kommunehelsetenesta i prosjekta.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Samarbeidsorganet vedtar rammene for utlysing av midlar til samhandlingsforskning i perioden 2017-2019.</i> • <i>Samarbeidsorganet ber om at midlane til samhandlingsforskning blir lyst ut hausten 2016 slik det er skissert i saka og med dei innspela som kom i møtet.</i> • <i>Samarbeidsorganet ber om at det blir utnemnd ein ekstern fagkomité for vurdering av søknadane.</i> • <i>Fordeling av forskingsmidlane blir vedteke av fagdirektøren i Helse Vest, truleg innan desember 2016.</i>
Sak 33/2016	Møteplan for 2017
Vedtaks sak	<p>Samarbeidsorganet vart samde om følgjande møteplan for 2017:</p> <p>Onsdag 15. februar Torsdag 27. april Måndag 19. juni Torsdag 28. september Torsdag 30. november</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek møteplanen for 2017.</i>
Sak 34/2016	Forskningsmidlar til mindre helseføretak og private, ideelle institusjonar
Vedtaks sak	<p>Styret i Helse Vest har vedtatt å øymerke inntil kr 5 mill. årleg i 3 år til ei satsing for å stimulere til forskning i dei mindre helseføretaka og dei private, ideelle institusjonane som har avtale med Helse Vest. Føresetnaden er at helseføretaka og dei private, ideelle institusjonane stiller med tilsvarande eigenfinansiering. Satsinga skal dekkast innaford den samla ramma som er stilt til samarbeidsorganet sin disposisjon.</p> <p>Ramme og innretning for utlysinga vart drøfta på møte. Etter planen vil det i løpet av hausten bli publisert ei utlysing med midlar til større prosjekt. Utllysinga vil vere tematisk open og konkurransebasert. Kriteria vitskapeleg kvalitet og nytte for pasienten og helsetenesta vil vere førande for kva prosjekt som får tildelt midlar. Nokre peikte på at ein er usikre på om ei konkurransebasert utlysing er det beste verkemiddelet i ei slik satsing, men det vart presisert at det ikkje er ønskjeleg å tildele midlar til prosjekt som ikkje held god vitskapeleg kvalitet.</p> <p>Det vil i utlysinga bli stilt krav til at eigenfinansieringa frå søkjarinstitusjonane består av friske midlar. Når det gjeld eigenfinansieringa vart det trekt fram at</p>

	<p>søkarinstitusjonane må forplikte seg til eigenandelen allereie ved innsending av søknad. Dette gjeld også dersom institusjonen får tilslag om fleire søknadar, dvs. det kan ikkje søkjast om meir enn det institusjonen kan legge inn sjølv. Når det gjeld mogelege budsjettelement vart det peikt på at 12 mnd. frikjøp totalt i prosjektperioden verkar å vere lite, og at det bør vere 50 % frikjøp i heile prosjektperioden dersom ein skal kunne klare å bygge opp forskingsaktivitet.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek å setje av kr 5 mill. årleg i perioden 2017-2019 frå dei strategiske midlane til ei satsing for å stimulere til forskning i mindre helseføretak/private, ideelle institusjonar med avtale med Helse Vest.</i> • <i>Det regionale samarbeidsorganet ber fagdirektøren lyse ut midlar for perioden 2017-2019 hausten 2016 i tråd med saksframlegget og dei innspela som blei gitt i møtet.</i> • <i>Det regionale samarbeidsorganet ber om at det blir utnemnd ein ekstern fagkomité for vurdering av søknadane.</i> • <i>Fagdirektøren i Helse Vest vedtek fordelinga av midlane i tråd med rammene for utlysinga.</i>
Sak 35/2016	Open tilgang til forskingsresultat
	<p>Ei arbeidsgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet i 2016 har kome med forslag til nasjonale retningslinjer for open tilgang til vitenskaplege artiklar (open access). Rapporten frå gruppa og forslaga til retningslinjer er no sendt ut på høyring til norske forskingsinstitusjonar.</p> <p>Frå diskusjonen på møte i samarbeidsorganet vart det trekt fram at samarbeidsorganet er positive til prinsippa i rapporten, men at det både vil vere komplisert og kostbart å finne løysingar lokalt/regionalt i ein overgangsperiode. Ved Universitetet i Bergen er det sett av ein pott sentralt som betalar for open access for sine forskarar. Løysinga har fungert bra, men fører til dobbeltbetaling som tidsskrifta lever godt på. Samarbeidsorganet var samde i at kostnader til publisering med open access på sikt bør inn i søknadar om forskingsmidlar, på linje med andre driftskostnader i prosjekta. Det er ønskeleg at ein i novembermøtet vurderer om ein allereie i årets fordeling av Helse Vest sine forskingsmidlar skal stille krav om at tildelinga skal dekke kostnader for publisering med open access.</p> <p>Når det gjeld regionale retningslinjer for open access vil samarbeidsorganet heller avvente vidare oppfølging nasjonalt. Samarbeidsorganet meiner at også etablering av vitenarkiv bør løysast på nasjonalt nivå. Det vart spelt inn at saka bør løftast til NSG for å høyre kva som er status i dei andre regionane.</p>
Sak 36/2016	Orienteringssaker
Orientering	<ol style="list-style-type: none"> 1. Søknadar 2017. Sølvi Lurfald presentert trekk ved årets søknadar. Presentasjonen frå møtet vart sendt ut saman med referatet. 2. Organisering av samarbeidsorgan. Saka vil mest truleg bli avgjort før året er omme. 3. Husebekkutvalet. Det er varsla at ein ny versjon av rapporten frå Husebekkutvalet vil bli tilsendt samarbeidsorganet for innspel i starten av oktober med to vekers frist. Samarbeidsorganet meiner at det er uheldig med så korte innspelsfristar, og ønskjer å be Husebekkutvalet om å forlenge

	fristen med ei veke. Samarbeidsorganet vil avhalde ekstraordinært telefon/videomøte for å kunne behandle saka. Sekretariatet kallar inn til møte om kort tid.
Sak 37/2016	Eventuelt
Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er onsdag 24.11.2016 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30	